



Kjersti Wøien Håland – dikt: Undervisningsopplegg

Kjersti Wøien Håland debuterte med diktsamlinga *Kjersti er ein fiktiv person, helsing Kjersti* i 2013. For den, og romanen og diktsamlingane som følgde, har ho fått mykje merksemd. Ho skriv om unge menneskjes søken etter identitet, men også om klimaproblema. Nedanfor finn du åtte utvalde dikt frå forskjellige diktsamlingar, og undervisningsopplegg til kvar av dei.



A black and white portrait of Kjersti Wøien Håland, a woman with light-colored hair, looking directly at the camera. She is wearing a dark, textured cardigan over a white collared shirt. The background is dark.

Undervisningsopplegg

Kjersti Wøien Håland

NRK Skole

FOTO: KLAUS ERIK OKSTAD / NRK

 Klaus Erik Okstad

Journalist

Publisert 23. apr. kl. 14:44 Oppdatert 23. apr. kl. 16:26

Forfattaren setter blant anna søkjelyset på det stadig veksande ønsket vårt om merksemd. Og ikkje minst, det aukande presset om å lukkast. Ho beskriv ein generasjon som har alle moglegheiter – bortsett frå å feile.



I dette intervjuet snakkar forfattaren om korleis eit dikt skil seg frå for eksempel romanen.

Det er litt sånn følelsen av å vere på fest og å vere einsam på fest. Føle seg veldig synleg, men ikkje bli sett likevel. Du står midt i den store tida der alt skal skje, og så føler du at du berre er ein statist i eige liv.

Kjersti Wøien Håland

Dikta byggjar delvis på forfattaren sine eigne erfaringar, og detkleine, det pinlege, ja, til og med det vonde skildrast ofte med humor. Slik går dikta rett inn i vår eiga samtid og kultur – det er så mykje fint med oss menneske, så kvifor gjør vi så mykje dumt?

«Håland sin forfattarskap synleggjer ein ung generasjon som leiter etter mening. Tekstane hennar er engasjerande, gripande og avslørande, tidvis sjølvutleverande. Alvor går hand i hand med humor, og både framandgjering og identitet er ofte tema. Forfattaren skriv på nynorsk og nyttar eit kortfatta, leikande og tydeleg språk». – Store norske leksikon

Bruk dikta i klasserommet

I desse undervisningsopplegga får elevane høyre forfattaren Kjersti Wøien Håland lese utvalde dikt frå fire forskjellige diktsamlingar. Det er laga undervisningsopplegg til kvart av dikta.

Undervisningsopplegga tek utgangspunkt i faga norsk og samfunnsfag, og er tilpassa elevar på ungdomstrinnet og på vidaregåande skule.

Lukke til!

- 1 **ljosa vil kome på**
- 2 **av og til**
- 3 **så sat eg der då**
- 4 **eg vil ikkje at du skal ha det bra**
- 5 **alt er uerstatteleg og ingenting kan fiksast**
- 6 **i seine timar**
- 7 **nokre gonger**
- 8 **verda går ikkje under**

Lær om forfattaren

Kor mykje ein veit om forfattaren frå før, kan vere med på å avgjere kva for mening ein finn i diktet. Nokre gonger tolkar du på ei heilt anna måte om du veit alt om forfattaren, enn om du ikkje veit noko.

Under finn du videoklipp med informasjon om bakgrunnen og tankane til Kjersti Wøien Håland. Ho fortel kvifor ho skriv, korleis desse dikta vart til, og om kvifor ho skriv på nynorsk. Du kjenner elevane dine best, og bestemmer sjølv korleis du vil introdusere dikta og forfattaren til dei!

Kort om forfattaren



Kjersti Wøien Håland er født i 1988 og vaks opp i Høyanger i Vestland. Ho debuterte som forfattar med diktsamlinga "Kjersti er ein fiktiv person, helsing Kjersti" i 2013. Ho har seinare gitt ut tre diktsamlingar til og ein roman. I tillegg var ho serieskapar på ungdomsserien "Lovleg", vist på NRK i 2018–2019. Undervisningsopplegg til dikta hennar finn du i lenka under.

Kvifor nynorsk



I dette intervjuet snakkar forfattaren om kva nynorsk betyr for ho og kvifor ho synast nynorsk er "rock 'n' roll".

Eit dikt blir til



I dette intervjuet snakkar forfattaren om korleis ho får ein ide til eit dikt.

Panikk



I dette intervjuet snakkar forfattaren om korleis ein personleg oppleving blir ei diktsamling.

Raud tråd



I dette intervjetet snakkar forfattaren om kva det betyr at alle dikta i ein diktsamling har ein overordna tematikk.

Publisert 23. apr. kl. 14:44 Oppdatert 23. apr. kl. 16:26

Kompetanse mål for 10. trinn og VGS

Norsk

Etter 10. trinn

- lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstanne
- utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge
- kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer

Etter vg1 studieførebuande utdanningsprogram

- lese, analysere og tolke nyare skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk

Etter vg2 studieførebuande utdanningsprogram

- bruke fagkunnskap og retoriske ferdigheter i norskfaglege diskusjonar og presentasjonar

Etter vg3 studieførebuande utdanningsprogram

- analysere og tolke romanar, noveller, drama, lyrikk og sakprosa på bokmål og nynorsk frå 1850 til i dag og reflektere over tekstane i lys av den kulturhistoriske konteksten og eiga samtid
- skrive litterære tolkingar og samanlikningar

Samfunnskunnskap

10. trinn

- reflektere over hvordan identitet, selvbilde og egne grenser utvikles og utfordres i ulike fellesskap, og presentere forslag til hvordan man kan håndtere påvirkning og uønskede hendelser

Videregående vg1/vg2

- vurdere årsaker til og tiltak som kan forebygge rasisme, diskriminering og hatefulle ytringer, og drøfte grensene for ytringsfriheten

Opphavsrett NRK © 2024

Ansvarlig redaktør: Vibeke Fürst Haugen

Nettsjef: Hildegunn Soldal